

Sak 06/18 2-årsmaal for krinsen

Generalsekretær Øystein Magelssen vil innleie til saken og presentere Norges KFUK-KFUM sin langtidsstrategi.

Krinsstyret har utarbeidd et forslag til 2-årsmaal for krinsen etter KFUK-KFUM sin langtidsplan og vedtekne to-årsmaal.

Forslaget til 2-årsmaal vil bli presentert og det blir opna for kommentarar, spørsmål og forslag til endring.

KFUK-KFUM Møre og Romsdal

Lokale 2-årsmaal 2018-2020

For å nå målet om 20% vekst, dvs. auke til nær 1200 medlemmer i krinsen, vedtek årsmøtet følgjande satsingar knytte til dei einskilde 2-årsmaala for perioden 2018-2020:

1. Ungt og intergenerasjonelt leiarskap

1. Vi vil satse på LIV-kurs som verktøy for å fremje ungt leiarskap
2. Vi vil bidra aktivt til å bevisstgjere kyrkjelydane om at MILK-kurs er eit KM-tilbod.
Målet er å få MILK-kurs deltakarar melde inn som medlemmer
3. Vi vil nytte vintertreff og leirar aktivt som arena for leiartrening for deltakarar på LIV og MILK-kurs
4. Vi vil utfordre vaksne medlemmer og tidlegare medlemmer til å bidra aktivt til vårt arbeid for barn og unge

2. Førebyggjande diakonalt arbeid

1. Vi vil sjå etter eit høve til å etablere eit Forandringshus i krinsen
2. Vi vil meir aktivt promotere deltakarfondet m.a. som info på alle brosjyrar
3. Vi vil gå aktivt ut og utfordre våre einingar til å nytte «Alle Med»

3. Samhandlinga med Den norske kyrkja

1. Vi vil invitere kyrkjelydar til samarbeid om LIV-kurs
2. Vi vil invitere kyrkjelydar til å sende konfirmantar til vintertreff
3. Vi vil jobbe aktivt for å knyte til oss minst ein ny kyrkjelyd der vi ikkje har arbeid per i dag
4. Vi vil utfordre eksisterande grupper som ikkje er meldt inn nokon stad til å melde seg inn hos oss
5. Vi vil jobbe aktivt med å bli meir synleg som samarbeidspartnar, til dømes ved å tilby fagdagar

4. Fornyng/nyetablering av Ten Sing

1. Vi vil styrke kontakten med eksisterande Ten Sing grupper
2. Vi vil stimulere til etablering av Ten Sing gruppe i et område som ikkje har dette
3. Vi vil stimulere til deltaking i lokal og sentral markering av 50-års-jubileet i 2018

5. Møteplassar for engasjement for rettferd og fred

1. Vi vil halde fram med å støtte KFUK-KFUM Global og hjelpe dei å bli meir synleg i krinsen
2. Vi vil aktivt utfordre fleire av våre einingar til å ta del i Globalaksjonen

Sak 06/18 2-årsmaal for krinsen

6. Samhandling

1. Vi vil fortsette å invitere styrer i hovudforeiningar til dialogmøte
2. Vi vil utvikle årsmøtet som en viktig arena for samhandling i krinsen

7. Klimatiltak

1. Vi vil være med på å teste ressursar som vert utvikla for klimatiltak på krinsarrangement
2. Vi vil være medvitne på å nytte miljøvennlege reisemåtar der det er råd å få til

Forslag til vedtak:

Krinsen sine 2-årsmaal vert godkjent